

# VEDTEKTER FOR LANDBRUKSFONDET I NORD-FRON KOMMUNE

Vedteke: Nord-Fron kommunestyre i sak 24/2021, 20.4.2021.

## Kapittel I. Generelle føresegner

### § 1. Heimel og kapital

Landbruksfondet i Nord-Fron er eit kommunalt fond som er oppretta for å styrke landbruket i kommunen. Fondet blir tilført middel gjennom årlege løyvingar frå det kommunale budsjettet. Heile kapitalen i fondet kan stå til disposisjon.

### § 2. Føremål

Fondet skal nyttast til tiltak som har til føremål å styrke jordbruket og/eller skogbruket, og medverke til vidare utvikling av landbruksnæringa i Nord-Fron på ein kostnadseffektiv måte.

Fondsmiddel kan delast ut til lag eller sams tiltak der dei interesserte er jord -og skogbrukarar og tiltaket har til føremål å fremje jordbruket og/eller skogbruket innan kommunen. Dei kan òg delast ut til einskilde innan kommunen når tiltaket fremjar jordbruket og/eller skogbruket.

## Kapittel II. Forvalting av fondet

### § 3. Myndigheit

Fondet blir forvalta av utval for miljø, landbruk og areal (MLA).

### § 4. Generelle føringar ved søknad om tilskot frå fondet

Søknad om tilskot frå fondet skal sendast til Nord-Fron kommune v/ MLA, som er behandlinginstans for søknadene. Ved tildeling av middel vil utvalet foreta prioriteringar mellom søkjarane. Løyvingssaka for landbruksfondet skal årleg leggjast fram som referatsak for kommunestyret.

Søknaden skal innehalde godkjent plan og kostnadsoverslag eks. mva. Tiltaket kan ikkje iverksetjast før det er gjeve kommunal godkjenning av plan og kostnadsoverslag, og før svar på søknad om tilskot er gjeve. Det kan i særskilte tilfelle opnast for ei førehandsgodkjenning av søknaden før den er sluttbehandla i utvalet. Søknader til fondet blir behandla så raskt som mogleg, og seinast på MLA-møte i juni jf. også §5.

### § 5. Søknadsfrist

Det er årleg søknadsomgang til fondet, med søknadsfrist 15. april.

### § 6. Ulike tiltak det kan søkjast tilskot til frå fondet

Det kan søkjast tilskot frå fondet til følgjande tiltak:

- Tilskot til kjøp av mjølkekvote (statleg og privat kvote).

- Nydyrking (vilkår om at dyrkingsplan er godkjent etter nydyrkingsforskrifta).
- Tilskot til mindre tiltak ved generasjonsskifte (tiltak som fell utanfor IBU-ordninga).
- Investeringsstilskot til ny drift på nedlagt gardsbruk (vilkår om drift på bruket i minst 5 år).
- Tilskot til andre føremål og tiltak (t.d. bygging av landbruksvegar, innkjøp av aggregat til seterdrift m.m.).
- Tilskot til tilleggsnæringar i landbruket - både til nyetablering og eksisterande tilleggsnæringar.

Det blir ikkje løyvd tilskot frå fondet til tiltak der det eksisterer andre finansieringsordningar (statlege ordningar).

### § 7. Tilskotssatsar

- a) *Tilskot til nydyrking: Kr. 2.500 pr. dekar, maksimalt kr. 50.000, med vilkår om at dyrkingsplan er godkjent etter nydyrkingsforskrifta.*
- b) *Tilskot til mindre tiltak ved generasjonsskifte (tiltak som fell utanfor IBU-ordninga): Inntil 30 % av godkjent kostnad, maksimalt kr. 50.000.*
- c) *Investeringsstilskot til ny drift på nedlagte bruk: Maksimalt kr. 50.000 pr. bruk med vilkår om drift på bruket i minst 5 år.*
- d) *Tilskot til andre formål og tiltak: Inntil 30 % av godkjent kostnad, maksimalt kr. 50.000 pr. bruk. Det gis ikkje tilskot til grøfting.*
- e) *Tilskot til kjøp av mjølkekvote: Inntil 30 % av fastsett pris for både ku- og geitmjølk ved kjøp av privat kvote, og inntil 50 % av fastsett pris for både ku- og geitmjølk ved kjøp av statleg kvote, maksimalt kr. 20.000 pr. produsent.*
- f) *Tilskot til tilleggsnæringar (gjeld både nyetableringar og eksisterande næringar): Inntil 30% av godkjent kostnad, maksimalt kr. 50.000.*

### § 8. Utbetaling / delutbetaling av tilskot

Det kan gjerast delutbetaling med inntil 75% av løyvd sum, når minst ein tilsvarande del av arbeidet er utført.

Sluttgodkjenning / sluttutbetaling kan skje først når tiltaket er ferdig og sluttrapport og rekneskap med dokumentasjon er lagt fram. Det skal førast timelister over ev. eigeninnsats, bruk av traktor etc. Godkjent eigeninnsats blir utbetalt etter fastsette timesatsar. Dersom kostnadane blir lågare enn medrekna, kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Tilskot til kjøp av mjølkekvote: Dokumentasjon / bankutskrift på at kvota er betalt skal føreliggje.

Tilskot til nydyrking: Kommunen gjennomfører synfaring jf. godkjenning av nydyrkinga, og måler opp arealet med GPS som grunnlag for AR5 i gardskart.

Tilskot til landbruksveger: Kommunen gjennomfører synfaring i samband med godkjenning av vegen før sluttutbetaling.

Tilskot til mindre ombygging av fjøs utover vanleg vedlikehald: Kommunen gjennomfører synfaring i samband med sluttgodkjenning av tiltaket før sluttutbetaling.

Tilskot til tilleggsnæringar: Kommunen gjennomfører synfaring i samband med sluttgodkjenning av tiltaket før sluttutbetaling.

### **§ 9. Omdisponering av løyvd tilskot**

Dersom ein sækjar ønskjer å omdisponere delar av løyvd tilskot frå fondet til andre føremål, skal det leverast skriftleg sæknad om dette. Kommunedirektøren får fullmakt til å vurdere om saka må til ny behandling i MLA.

### **§ 10. Arbeidsfrist / gjennomføringsfrist**

Generell arbeidsfrist er inntil 2 år for gjennomføring av tiltak som har fått løyvd tilskot frå fondet, med unntak av nydyrking og landbruksvegar som har 3 år.

Etter sæknad kan det godkjennast at arbeidsfristen blir utsett, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet blei løyvd. Sækningen skal vere skriftleg og kommunedirektøren får fullmakt til å gjere vedtak i forhold til arbeidsfrist / gjennomføringsfrist.

### **§ 11. Tilbakebetaling av tilskot**

Tilskotet kan krevjast tilbakebetalt, heilt eller delvis, dersom det oppstår forhold som er i strid med føresetnadane for løyvinga av tilskotet.

## **Kapittel III. Avsluttande føresegner**

### **§ 12. Tvil om forståing av vedtekter**

Dersom det oppstår tvil om tolking av vedtekter skal kommunedirektøren leggje tvilsspørsmålet fram for MLA.

### **§ 13. Klage**

Klage over vedtak skal rettast til MLA. Dersom utvalet opprettheld avgjerda, går saka til klagenemnda som avgjer klaga. Frist for å klage er 3 veker etter at vedtaket er motteke.

### **§ 14. Endring av vedtekter**

MLA skal gå igjennom vedtekter i starten av ei ny kommunestyreperiode, som ein del av den politiske opplæringa i utvalet.

MLA tek vedtekter opp til evaluering ved behov. Gjeld det større endringar bør faglaga innan landbruket få høve til å uttale seg.

Endring av vedtekter skal godkjennast av kommunestyret. Mindre redaksjonelle endringar kan gjerast av kommunedirektøren.

Tidlegare vedtak: Kommunestyret, sak 25/2014 og sak 31/2018.

